

ÅRSMELDING 2017 - MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE SENTER AS

I 2017 vart det som tidlegare år arrangert omvisingar, utstillingar, intimkonsertar, amfitimen, geologiseminar, opplevingsdagar, selskapsarrangement, møter, bedriftsbesøk etc. Bømlo Teater hadde framsyning av Mostraspelet «I slik ei natt» 2.- 4. juni og konserten **Nordvegen: Moster**, som er eit resultat av prosjektsamarbeidet «Norwegian Icons» med bl.a. Festspillene i Bergen, vart avvikla 5. juni. Toraseminaret m/prisutdeling vart avvikla 3. juni, «Moster 2024» seminaret 4. juni og Mannskoret Havdur sin jubileumskonsert 11. juni. Utover sommaren var det konsertar med Sigvart Dagsland, Vamp og Nordic Tenors. I slutten av juli hadde me besøk av teatergruppa Mondonovo Cultura frå Venezia, som framførte Commedia dell'Arte framsyninga «Un elisir d'Amor». Kontakten med det italienske teateret vart etablert året før då teaterdirektøren frå Venezia var med i ei gruppe som besøkte Sunnhordland og blant andre opplevingar i regionen, fekk omvising her og var publikum på Mostraspelet.

Styret

Selskapet har hatt følgjande styre:

Leiar	Svein Arne Theodorsen Aksel Lygre	repr. Den Norske Kyrkja vararepresentant
Nestleiar	Solfrid S. Stavland Robert Halleraker	frie vararepresentant
Medlem	Ola Erslund Anne Britt Grindheim Gro Jensen Gjerde Grethe Sivertsen Geir Angelteveit Jarle Jacobsen	repr. Bømlo Kommune vararepresentant frie vararepresentant repr. Hordaland Fylkeskommune vararepresentant

Styremøte

Styret har hatt 9 styremøte i 2017 og samarbeidet i styret har vore godt. Det føreligg underteikna referat frå alle styremøta.



Mostramarmor kan bli fine smykke!

«Steinriket Bømlo»

Bergverksutstillinga «Steinriket Bømlo» vart offisielt opna i samband med Mostraspelet i 2011. Utstillinga er eit flott supplement i tilbudet vårt og har blitt godt motteke av publikum.

I aktivitetsområdet **Mostratunet** får barn og unge delta i aktivitetar som bogeskyting, steinsliping, matlaging på steinaldervis og i tillegg får dei kunnskap om reiskap i steinalderen og arkeologisk utgraving gjennom tilbudet «Steinrike dagar i Moster Amfi». Aktivitetstilbudet har og vore nytta som teambuilding for firma og tilbagemeldingane på dette er svært gode.

Det årlege «Steinriket Bømlo»-seminaret vart avvikla 22. og 23. april med ca. 30 deltakarar. Sidan Sökkamyra og grønstainsbruddet på Hespriholmen var tema, vart seminaret lagt til Langevåg Bygdatun. Førelasarar var geolog John Inge Svendsen (Institutt for geovitenskap UIB), arkeolog Tina Granados (UIB), arkeolog Knut Andreas Bergsvik (UIB) og geolog Øystein J. Jansen (UIB) Tema var «Sökkamyro -eit unikt kultur-og naturhistorisk arkiv i Langevåg», «Frå stein til reidskap - korleis lesa slått stein?», «Hellerne frå jernalder og middelalder på Bømlo: Plassar for fangst, håndverk og ritualer?» og «Sunnhordland Geopark-dei første steinar er lagt» Søndag var det ekskursjon til Hespriholmen med M/S GåPå.



Øystein J. Jansen, engasjert formidlar ved Hespriholmen

Aktivitetar 2017

Totalt vart det registrert ca. 15 500 besøkjande fordelt på alle typar arrangement inne og ute.

Omvising

1562 pers. løyste billett og deltok på omvising som omfattar Moster gamle kyrkje, utstillinga «Frå heidendom til kristendom» med biletspelet «1000 år-Ei messe» og bergverksutstillinga «Steinriket Bømlo». Utstillingane er kjernen i anlegget, og styret ynskjer meir fokus på denne delen av tilbodet.

Mostraspelet

Mostraspelet «I slik ei natt», skrive av Svein Tindberg, vart spela 2. - 4. juni. (publikum ca. 2 900) inkl. skuleframsyninga 2. juni. Dette var noko lågare enn året før.

«Moster 2024»

Markering av riksjubileum på Moster i 2024 vart handsama i kommunestyre i Bømlo kommune 13. februar, i HFK kulturutvalet 22. mars, i fylkesutvalet 30. mars og i fylkestinget 13. juni. Styreleiar gjennomførte møter med Stortingspresidenten og Kulturdepartementet 19. juni og det vart avvikla styreseminar med jubileet som tema 21. juni. Styreleiar deltok og på møte i prosjektet «Norge i 1000 år» på Stiklestad 19. oktober og har etablert kontakt med Landslovsjubileet 2024 (Magnus Lagabøtes landslov 750 år). Bømlo kommune har ansvar for forprosjektet som skal gjennomførast våren 2018 der Moster Amfi og Hordaland Fylkeskommune og vil ha sentrale roller.

Det andre «Moster 2024» seminaret vart avvikla 4. juni med Oddvar J. Jensen som foredragshaldar. Det var godt frammøte og gode tilbakemeldingar frå publikum. Planen er å arrangera seminar kvart år fram mot 2024 og neste seminar er lagt til 3. juni 2018.

Utstillingar

Det vart arrangert 8 kunstutstillingar:

11.02-26.02	- Bømlo kulturskule	Elevarbeid
10.03-02.04	- Moster skule	Elevarbeid
08.04-14.05	- Johanna Seim Hjelland/Johannes Hjelland	Biletkunst
20.05-18.06	- Liv Sørvaag - Mostraspeletstilling	Biletkunst
24.06-06.08	- Tove Sundt Hansen - Sommarutstilling	Biletkunst
12.08-24.09	- Bjørg Strømme - Kystsogevekeutstilling	Biletkunst
30.09-05.11	- Avlyst pga. sjukdom	Biletkunst
11.11-17.12	- Hobbyfotografar på Moster - Juleutstilling	Biletkunst

Provisjon frå kunstsals har sidan starten i 2002 gitt eit fint tilskot til den årlege omsetninga, men dette året vart det mindre enn tidlegare år. Elevutstillingane i byrjinga av året er ikkje salsutstillingar, men er likevel svært viktige for å styrka kontakten med skulane på Bømlo.

Amfitimen

Det vart avvikla 5 amfitimar:

26.02	- Karvel Strømme	«Snorri Sturluson-liv og lagnad»
12.03	- Ellen Ørnes	«Antikviteter og snurrepiperier»
02.04	- Mannskoret Havdur	»Syng våren inn!«
17.09	- Amund Enger	Haldis Moren Vesaas - kveld
12.11	- Oddvar Johan Jensen	«Martin Luther 1483-1546»

Konsertar

03.02	- Karl Seglem	Intimkonsert
26.03	- Morten Samuelsen	Salmekonsert
03.06	- Giske Blandakor (200 pers.)	Gratis-konsert
05.06	- Nordvegen: Moster (225 pers.)	Konsert
11.06	- Mannskoret Havdur (228 pers.)	Jubileumskonsert
24.06	- Sigvart Dagsland (143 pers.)	Konsert
20.07	- Vamp (857 pers.)	Konsert
12.08	- Nordic Tenors (publikum: 217 pers.)	Konsert
24.09	- Ketil Bjørnstad	Intimkonsert
26.11	- Anglevik/Hallaråker/Sævik	Intimkonsert
17.12	- Arne Kvarven/Ole Jacob Hystad/Håkon Tolås	Julekonsert

Konsertserien vart også i år gjennomført med støtte frå lojale sponsorar i det regionale næringslivet.

Andre arrangement

11.02-26.02	- Kulturskuledagar i Moster Amfi (samarbeid med Bømlo kulturskule)
30.04	- Open dag m/pilegrimsvandring (samarbeid med Moster Grendautval & kyrkja)
17.05	- Familiegudsteneste
27.09-28.09	- DKS - "Opplivingsdagar i Moster Amfi" (samarbeid med Bømlo Kommune)
02.12	- «Førjulsfest på Moster»-Julekafé/juleverkstad og julegrantenning på kyrkjestølen (Arr.: Moster Amfi, Moster Grendautval, Kyrkja og Moster skulekorps og Drill)



Open dag med pilegrimsvandring

gjennom kulturløypa til Moster gamle kyrkje, vart arrangert siste søndagen i april med ca. 25 deltakarar.

Turen vart avslutta med «Middagsbøn» i kyrkja. Dette er eit årleg samarbeid med kyrkja på Moster.

Kystpilegrimsleia

Også dette året fekk me besøk av individuelle pilegrimmar, men det var ingen organiserte pilegrimsturar.



Sterke
opplevelingar...

Side 5

Kafeteriadrift

Amfikafeen er open i annonsert opningstid. Vikingsodd, rømmegraut m/spekemat og nysteikte vaflar er framleis populære tilbod for både individuelle gjester og grupper.

Ved konfirmasjonar, bryllaup og andre feiringar blir selskapsmenyar levert frå cateringfirma. Moster Amfi blir og nytta som møte/konferansestad.

Det har som vanleg vore avvikla styremøte, årsmøte, pressekonferansar, firmaturar og andre selskap. Kafeteriatilbodet er ein svært viktig trivselsfaktor både for publikum og aktørane i dei ymse oppsetjingane. Kafeen har i alle år bidratt med ein stor del av totalomsetninga, men dette året ser me dessverre markert nedgang i omsetninga.

Anlegg / Teknisk

Opprusting av benkene i uteamfiet var eit prioritert prosjekt i 2015 og 2016. Prosjektet, som hadde ei kostnadsramme på ca. 6,5 mill. vart fullført i april 2016, men det gjenstod ca. kr.160 000,- på fullfinansiering av prosjektet. Desse midlane vart tildelt av Bømlo kommune etter søknad.

Rekneskap og økonomi

Etter at det i 2015 og 2016 var nedgang i aktiviteten om hausten, måtte me i 2017 dessverre erkjenne at aktiviteten gjekk merkbar ned gjennom heile året. Mostraspelet og seks konsertar vart avvikla i uteamfiet, men dette gav heller ikkje den auka publikumstilstrøyminga me hadde forventa med dei forbetra fasilitetane. Omsetninga har for første gong gått i negativ retning frå kr. 3 372 736 i 2016 til 3 101 188 i 2017. Årsresultatet vart kr. - 486 280,- mot - 50 592,- i 2016. Kortsiktig gjeld er kr. 1 691 854 mot omløpsmidlar på kr. 1 030 429.

Samarbeid

Moster Amfi har mange gode samarbeidspartar:

- **Fortidsminneforeninga** - kontrakt i høve bruk av Moster gamle kyrkje til omvisingar.
- **Bømlo Teater** - det vart våren 2013 inngått samarbeidsavtale med Bømlo Teater.
- **Kenneth Sivertsen stiftinga** - kontrakt i høve administrasjon av kunstnarhuset etter Kenneth Sivertsen.
- **Tora Mostrastong foreininga** - jobbar aktivt for å styrka kontakten med foreininga.
- **Festspillene i Bergen** - Moster Amfi var for fyrste gong Festspelsatelittarena i 2015, Mostraspelet var ein del av Festspillene i Bergen sitt program i 2016 og me er med i prosjektet «**Norwegian Icons**», eit treårig prosjekt saman med Oseana kunst- og kultursenter, Bekkjarvik Gjestgiveri, Lysverket, Ullensvang Hotell og Solstrand Hotell. Dette samarbeidet førte til konsertserien **Nordvegen** med musikanane Einar Selvik & Ivar Bjørnson som vart spela i Ullensvang, Bekkjarvik, Os og Moster.
- Andre gode samarbeidspartar/støttespelarar er **Støttelaget for Moster gamle kyrkje**, **Moster Sogelag**, **Moster kyrkje**, **Gruveprosjektet i Austre Mosterhamn** og **Moster Grendautval**.

Framtidsutsikter

Styret i Moster Amfi- og Kyrkjarahistoriske Senter AS gav i Årsmeldinga for 2016 uttrykk for optimisme med tanke på framtida og skreiv: «Oppgraderinga av benkene i uteamfiet har lenge vore eit prioritert prosjekt. Styret er tilfreds med at ein ved hjelp av lokale ressursar fann gode løysingar og at prosjektet no er fullført, inklusiv finansieringa. Med nye benker på plass meiner me at anlegget er enno betre rusta til å arrangera store oppsetjingar.»

I 2017 la ein til rette for auka konsertaktivitet i uteamfiet. Samla sett gav ikkje dette det ønska økonomiske resultatet. Det er med stort alvor styret konstaterer at drifta har gått med eit stort underskot i 2017. Styret har hatt eit grundig arbeid med budsjettet for 2018, og har etter at årsresultatet låg føre gjort eit grundig arbeid med å kvalitetssikre dette budsjettet.

Styret vil halda fram med eit fokus på tilrettelegging for pilegrimsreisande og ser dette som eit naturleg satsingsområde framover, ein held fram kontakten med dei som arbeidar med Kystpilegrimsleia.

Styret arbeidar vidare med planane for ei riksmarkering av 1000 års jubileet for Kristenretten på Moster i 2024.

Styret takkar dagleg leiar og andre tilsette for godt utført arbeid. Dagleg leiar gav hausten 2017 melding til styret om at ho planlegg å bli pensjonist sommaren 2018. Styret sette i gang arbeidet med rekruttering av ny dagleg leiar og har i januar samrøysta tilsett ny dagleg leiar.

Mosterhamn, 31.12.17 / 21.03.18


Styret for Moster Amfi- og Kyrkjarahistoriske Senter A/S


Gro Jensen Gjerde


Solfrid S. Stavland


Ola Erslund


Geir Angeltveit


Svein Arne Theodorsen, leiar